



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Knut Øyvind Hoem	Sabine R. Bredeli/06.04.21	2.0

## Smittevern ved ekstraordinære situasjonar

***Verksemda skal planleggast og drivast slik at risikoen for spreing av smittsame sjukdomar vert så liten som mogleg.***

***Utdanningsdirektoratet har gitt ut ein oppdatert rettleiar om smittevern under covid-19 utbrotet 2021:***

Rettleiaren finn du her: [Veileder om smittevern for skoletrinn 1–7 \(udir.no\)](https://udir.no)

***Formålet med råda er å avgrense og forsinke utbrot av covid-19.*** Dei tre grunnpilarane for å bremse smittespreing er:

1. Personar som er sjuke skal ikkje vere i skule/SFO.
2. God hygiene.
3. Redusert kontakt mellom personar.

***Vestnes kommune har med bakgrunn i rettleiaren utarbeidd lokale retningsliner ved raudt nivå for barneskule og SFO. Desse gjeld både for kommunale og private skular.***

### **SJUKDOM**

- Barn og tilsette skal ikkje møte på skulen/SFO ved nye luftvegssymptom og/ eller sjukdomsfølelse sjølv om symptoma er milde.
- Ein skal halde seg heime til allmenntilstanden er god.
- Elevar og tilsette kan kome tilbake ved negativ test og om dei føler seg friske og feberfrie. Dette gjeld også ved restsymptom etter luftvegsinfeksjon (noko hoste, snørr, tett nase)
- Barn som byrjar å vise symptom på luftvegsinfeksjon i skule/SFO må sendast heim. Barnet må vente på eige rom eller ute ilag med ein tilsett. Den tilsette må om mogleg halde 1-2 meter avstand, vaske hender ved kontakt med barnet undervegs, samt etterpå. I etterkant blir rom, toalett og andre område barnet har opphalde seg i, reingjort.
- Barn skal ikkje kome på skulen eller SFO dersom dei er i karantene eller isolasjon.

### **HYGIENE**

- Det skal vere auka fokus på handvask med såpe og vatn og hoste/nyse-rutine. Handvask ute skjer med bruk av våtserviettar og handdesinfeksjon.
- Barn/tilsette skal vaske hendene når dei kjem og før dei går heim. Før og etter måltid. Når dei har vore ute. Etter å ha hosta i handa og ved toalettbesøk.
- Tørkepapir skal vere lett tilgjengeleg heile tida.
- Føresette som må inn på skule skal vaske/desinfisere hendene når dei kjem og når dei går.



<b>Dokumenttype:</b>	<b>Forfatter:</b>	<b>Godkjent av/dato:</b>	<b>Versjon:</b>
Rutine	Knut Øyvind Hoem	Sabine R. Bredeli/06.04.21	2.0

## REINHOLD/DESINFISERING

- Berøringspunkt som handtak, dører osv. skal vaskast med såpe to gongar per dag.
- Elevane skal vaske over eigen pult dagleg.
- Kraner og toalettsete vaskast to-fire gongar per dag.
- Leiker som nyttast inne skal vaskast dagleg, dersom leikene blir nytta på tvers av kohortar. Leiker som ikkje kan vaskast (plastilina osv.) skal fjernast.
- Det ordinære reinholdet i skule/SFO får auka og endra fokus. Eigen instruks er utarbeidd.

## ORGANISERING AV GRUPPER

- Barna skal organiserast i mindre kohortar/grupper. For 5.-7.trinn bør klassen halverast med tanke normal størrelse (gjeld ikkje for klassar som normalt er på 15 elevar eller færre).
- Elevar på 1.-4- trinn skal ha eit heildagstilbod og man kan organisere likt som norm for lærartettleik (maks 15 elevar per lærar).
- Kohortane bør i minst mogleg grad bytte klasserom.
- I utgangspunktet bør ein tilsett følgje sin kohort
- 2 kohortar kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skuledagen og ved behov for pausar for tilsette, helst utandørs
- Tilsette i kohort 1 kan avhjelpe i kohort 2, og motsatt
- Unngå samlingar med meir enn to samarbeidande kohortar
- Kohortane som samarbeider kan endrast kvar veke etter helg. Dette gjeld og bytte av gruppesamansetjing
- Innandørs kan kohortar som ikkje samarbeider passere kvarandre og vere kortvarig i same område (inntil 15 minutt).
- Kohortar/grupper som ikkje samarbeider bør ha ulike leikeområde ute. Dei kan bruke uteområde etter kvarandre utan at det er naudsynt å reingjere områda før bytte.
- Elevane skal ikkje ha med leiker heimanfrå.
- Leiker og materiell som berre er i bruk av ein gruppe treng ikkje dagleg reingjering.
- Det er bra å leggje mykje av undervisninga ute.

## HENTE/BRINGESITUASJON

- Føresette skal levere og hente barna sine ute. Føresette skal berre ved spesielle høve inn i skulebygget og må halde minst ein meters avstand, og vi oppfordrar dei til å bruke munnbind.
- Avgrens så langt som mogeleg talet på personar som hentar og bringer.
- Føresette som må inn på skulen oppfordrar vi til å bruke munnbind.

## MÅLTID

- Elevane et frukost før dei kjem på SFO/skule.
- Elevane et alle måltid i lag med si gruppe på fast plass.
- Elevane tek med seg lunsj og evt. frukt heimanfrå.
- Det blir ikkje noko matlaging på SFO i denne perioden.
- Hald avstand i den grad det er mogleg under måltidet.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Knut Øyvind Hoem	Sabine R. Bredeli/06.04.21	2.0

## KLEDE

- Elevane skal kome i reine klede kvar dag.

## TILSETTE PÅ JOBB

- Unngå handhelsing og klemming
- Hald avstand (minst ein meter) til kollegaer i alle situasjonar
- Der det er naudsynt med ulike faglærarar, kan lærarar ambulere på tvers av kohortar. Kohortane skal ha faste klasserom så langt det let seg gjere
- Vikarbruk og omrokking av personell mellom kohortane bør avgrensast, men det skal ikkje gå utover opplæring på skulen
- Det skal vere lågare terskel enn vanleg å vere heime frå jobb. Gi beskjed til einingsleiar i god tid slik at ein anna tilsett kan erstatte deg.
- Tilsette som blir sjuke medan dei er på jobb må heim så snart som mogeleg. Den tilsette si gruppe må takast vare på av andre, eller bli sendt heim.
- Testing anbefalast
- Digitale møter om det er mogleg.

## SKULESKYSS

- Vi oppfordrar føresette som kan køyre barna til skulen om å gjere dette. Dette vil redusere talet på elevar på bussane og gjere det enklare å ivareta smittevernet.

## OPNINGSTIDA

- Elevane skal møte direkte på klasserommet dei har fått beskjed om. Elevar som ikkje har SFO-tilbod ønskjer vi kjem til skulestart og møter direkte på klasserommet. Elevane skal ikkje blande seg og vere ute før skulestart. Det same gjeld etter at skulen er slutt. Elevane bør då reise heim og ikkje blande seg på uteområdet. Dette er viktige tiltak for å ivareta dei nasjonale retningslinene om faste elevgrupper gjennom heile dagen. Intensjonen er å redusere talet på personar elevane er i kontakt med i løpet av dagen. Det vil kome informasjon frå den einskilde skule om grupper og anna i høve opninga av skulane. For å ivareta dei strenge retningslinene for smittevern, kan det bli redusert opningstid i SFO. SFO/skulane vil då opne kl. 08.00 og stengje kl. 16.00.

Det er beredskap i vanleg opningstid for føresette som er i kritiske samfunnsfunksjonar og treng tilsyn til sine barn.

De finn oversikten over dei samfunnskritiske funksjonane i lenka nedanfor:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/samfunnsikkerhet-og-beredskap/innsikt/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner/id2695609/?expand=factbox2695881>